

Referat frå foreldremøtet til 5.-7.trinn, torsdag 19. september 2019

Foreldre frå 7 heimar møtte.

Saker:

- Oranisering av undervisningstimar/klasseinndelingar**

Gjennomgjekk timeplanen der klasseinndelinga mellom 5.-7.trinn vart forklart.

Skulen trenar elevane i lengre arbeidsøkter som krev konsentrasjon og sjølvstende, felles økter med undervisning i temafagene, gruppeundervisning til dømes lesetrening og liknande.

Organiseringa er basert på å skapa motivasjon og at dei kan stå ein heil arbeidsdag.

Dei må trenast i å yta, ikkje berre nyta!

- Klassemiljø**

Nokon av utfordringane denne hausten har vore eit klassemiljø med manglande fellesskap i tillegg til det å møte elevane når dei kverulerer, klagar og syt for at dei må gjere eit arbeid. Hausten vore prega av å samkjøra elevane, skapa motivasjon for å delta på skulen. Me har jobba mykje med klassemiljø gjennom tiltak som; Beintøft, sopptur, fellesmåltid, ulike leikar med fokus på inkludering, tolerera kvarandre med venlighet og respekt. Me opplever no at klassemiljøet er på veg til å betra seg. Me vil at alle skal trivast og føla seg trygg på skulen.

- Skulen sin aktivitetsplan 2019-20**

Vedlagt ligg aktivitetsplanen for 2019-20.

Informerte om at vekeplanane vil bli sendt pr. e-post gjennom Visma programmet til foreldra. Elevane vil fortsetja å få vekeplanane i papirform.

7.klassetreff

Sæbø - September/oktober

Manger – November

Hordabø – ca. Februar

Austebrygd – ca. April

- Sosiale medier-kva utfordringar møter skulen og elevane**

Skulen informerte om at me er blitt gjort oppmerksom på at elevar filmar kvarandre på fritida og dette har ført med seg krangling og anna som dei tek med seg inn i skuletida. Foreldra vart einige om at kvar famile snakkar med sine om bruk av mobil/internett.

- Eventuelle saker**

Foreldra diskuterte om 5.-7.trinn skal gjera noko i lag på fritida. Dette for å hjelpa til med å få eit bedre klassemiljø innad og på tvers av trinna.

Forslag til aktivitetar var blant anna:

-Trampolinepark

-Bading m/pizza

Klassekontaktane fekk i oppdrag å jobbe med dei ulike forslaga som kom fram.